



INNBYDING
til
NORGESMEISTERSKAP
i
SKIFELTSKYTING



17. og 18. MARS 2007

Støttespelarar:





Hornindal skyttarlag vart stifta i 1881, og feira 125-års jubileum hausten 2006. For tida har ikkje Hornindal eigen skytebane, noko som gjer at aktiviteten på skytebanen har vore liten siste åra. For tida har vi planer om ny miniatyrskytebane, som vi vonar bidreg til auka aktivitet igjen.

Laget har derimot vore aktive arrangørar av skifeltskyting, og har tidlegare arrangert NM skifelt i 1966, 1980 og 2000. Nemnast må og landskamp Norge-Sverige skifeltskyting i 1998, samt 4 NC-finaler i skifelt.

Hornindal har fleire gode utøvarar i skifeltskyting, mest kjent er Roger Lillestøl med sine fire Kongepokalar. På NM skifelt 2007 kan han skrive historie som førstemann med 5 Kongepokalar.


Hornindal skyttarlag har med dette glede av å ønskje velkomen til den 50. norske meisterskapen i skifeltskyting!

Arrangørstaden

Med sine godt 1200 innbyggjarar er Hornindal ei svært hyggeleg kommune å bu i. Godt utbygd servicetilbod med tenester som dekkjer dei fleste behov. Hornindal er ei landbruks- og industrikommune med ca. 30% sysselsette i kvar av sektorane. Møbelkonsernet Ekornes er etablert i kommunen med ca. 100 arbeidsplassar. Det er òg fleire mindre møbel- og kunsthandverksprodusentar i kommunen. Nemnast må Grodås Mønsterteknologi, som m.a. produserar møblar, skjefter til jaktvåpen og den spesielle innvendige himlinga på nybygget til Den norske Opera.

Eit landemerke i Hornindal er Hornindalsvatnet som er Europas djupaste innsjø. Kommunen har ein allsidig natur frå høg fjell til alle dei idylliske setredalane med mange godt vedlikehaldne setrehus. Hornindal er rekna som ei god kulturkommune, kjent for sin folkemusikk og Anders Svor-museumet. Idrettsmiljøet er aktivt og allsidig, med fleire godt utbygde anlegg. Fleire gode idrettsutøvarar er fostra opp i kommunen.

Kart Hornindal



Arrangementet

Sjølvs om vi tok over arrangementet på kort varsel, er vi i god rute med førebuingane. Alt ligg til godt rette for at det **50. NM i skifeltskyting** vert eit vellukka meisterskap. Vi legg vekt på eit publikumsvennleg opplegg med god speakerteneste og trivsel for løparar, leiarar og publikum. Vi har fått fleire fine premiar, mellom anna ei topp motorsag frå **STIHL** til Kongepokalvinnaren og ein Stressless frå **Ekornes** til vinnaren på sprinten. Standard premiering på normalen er dreia trefat med inskripsjon. På sprinten vert det gåvepremiar.

Innkvartering

Raftevolds Hotel i Grodås sentrum vert NM-hotell. Her vert rennkontor og informasjon i samband med meisterskapen. Laurdagskvelden vert det festmiddag med premieutdeling etter normalprogram. Hotellet gjev gode overnattingstilbod til deltakarar og andre. Elles er Huset Vårt og Knausen hyttegrend gode alternativ i Hornindal.

Raftevolds Hotel tlf.: 57 87 96 05

Pris fredag - søndag inkl. frokost kr. 550,- per døgn i dobbeltrom, + 150,- per døgn for enkeltrom. Varmrettar i kaféen. Tillegg for matpakke (sjølvsmurt) kr. 45,-. Tillegg for festmiddag kr. 170,-.

Knausen hyttegrend tlf.: 57 87 96 12

Huset Vårt (Hornindal) tlf.: 57 87 94 82

Praktiske opplysningar

- Transport:** Det vert organisert transporttilbod i samband med meisterskapen. Gje opp behov for transport på påmeldinga.
- Innskyting:** Innskyting lau. og søn. kort veg frå arena. Innskytingsavstand 100 m.
- Konkurransereglar:** I samsvar med nytt regelverk for skifeltskyting. Det vert ukjende avstandar på normalprogram (kun pappfigurar), og såleis ikkje høve å besiktige løyper før konkurransen. *Kun klassisk stilart begge dager.* På sprinten vert det brukt sjølvvanvisere og 200 m strafferunde på grovfelten for alle klassar. Finfelt kl.J og V65 skyt på pappfigurar 100m. Alle grovfeltklassar unnateke skytterklasse skal bære våpen med seg. Alle finfeltklasser har våpenet liggande på standplass. Aspirant- og rekruttklassane skyt på 50 m (tilpassa feltfigurar). Aspirant- og rekruttklassane er **ikkje** offisielle meisterskapsklassar.
- Påmelding sendast til:** NM Skifelt 2007, Ospelida 6, 6763 Hornindal, **innan 1. mars.** Påmelding kan og sendast epost: hornindal@skytterlag.no
- Påmeldingsavgift:** Senior menn og kvinner: kr. 200,- per distanse.
Junior og Eldre junior menn og kvinner: kr. 140,- per distanse.
Aspirant- og rekruttklassane: kr. 70,- per distanse.
Innbetalast i lag med påmelding til **bankkonto: 3820.20.04285**
- Gåvepremiar:** Vi vonar at lag og samlag vil gje gåvepremie til meisterskapen. Vi ønskjer primært pengegåver slik at vi kan kjøpe inn gåvepremiar.
- Kontaktperson:** Jarle Tvinnereim, tlf. A-57 87 9821, mob. 909 79 336
- Web og e-post adresse:** www.dfs.no/Hornindal E-post: hornindal@skytterlag.no

Program for meisterskapen

Fredag 16. mars	15:00	Informasjons- og rennkontor på Best Western Raftevolds Hotel open
	17:00 – 19:00	Innskyting i Otterdal
	20:00	Løparmøte på Best Western Raftevolds Hotel
Laurdag 17. mars	09:00 – 11:00	Innskyting
	10:30	Offisiell opning av meisterskapen
	11:00	Start NM skifelt normalprogram
	19:00	Premieutdeling på Best Western Raftevolds Hotel
	20:00	Festmiddag på Best Western Raftevolds Hotel – open for alle ! To-rettars middag, kr. 170,- per løpar. Påmelding på løparmøte, eller direkte til hotellet. Betaling skjer direkte til hotellet.
Søndag 18. mars	08:00 – 09:00	Innskyting
	09:15	Flaggheising på arena
	09:30	Start sprint rekrutteringsklassar
	10:00	Start NM skifeltsprint
	14:00	Premieutdeling på arena, offisiell avslutning

Klassar og Konkurransprogram

Normalprogram Grovfelt

Klasse	Alder	Skyting menn	Løype menn	Skyting kvinner	Løype kvinner	Tillegg pr. bom
Eldre junior	18 – 21 år	5x6 skudd	12 km	3x6 skudd	8 km	3 min
Senior A	22 – 54 år	5x6 skudd	12 km	3x6 skudd	8 km	3 min
Senior B *	22 – 54 år	5x6 skudd	12 km	3x6 skudd	8 km	3 min
V 55	55 – 64 år	3x6 skudd	8 km	3x6 skudd	8 km	3 min
AG3 kl I	– 21 år	5x6 skudd	12 km	3x6 skudd	8 km	3 min
AG3 kl II	22 – 54 år	5x6 skudd	12 km	3x6 skudd	8 km	3 min
AG3 kl III	55 år –	3x6 skudd	8 km	3x6 skudd	8 km	3 min
Skytterklasse	18 år –	3x6 skudd	4 km	3x6 skudd	4 km	3 min

* **Merknad:** Kun ei seniorklasse for kvinner (Kvinner senior).

Normalprogram Finfelt

Klasse	Alder	Skyting menn/kvinner	Løype menn/kvinner	Tillegg pr bom
Aspirant	10 – 15 år	2x6 skudd	2 km	1 min
Rekrutt	12 – 13 år	2x6 skudd	2 km	1 min
Eldre Rekrutt	14 – 15 år	3x6 skudd	3 km	1 min
Junior	16 – 17 år	3x6 skudd	4 km	1 min
V 65	65 år –	3x6 skudd	4 km	1 min

Skifeltsprint - Grovfelt

Klasse	Alder	Skyting, alle klasser	Løype, alle klasser	Tillegg pr bom
EJ, Senior, V55, AG3	Sjå normal	2x6 skudd	5 km	Strafferunde 200 m
Skytterklasse	18 år -	2x6 skudd	3 km	Strafferunde 200 m

Skifeltsprint - Finfelt

Klasse	Alder	Skyting, alle klasser	Løype, alle klasser	Tillegg pr bom
Aspirant, Rekrutt	Sjå normal	2x6 skudd	2 km	30 sek
ER, J, V65	Sjå normal	2x6 skudd	3 km	30 sek

Samlagskonkurrans menn sprint: Dei 3 beste resultat er teljande (Dei som går same løypelengde som senior A)

Samlagskonkurrans kvinner sprint: Dei 2 beste resultat er teljande (Dei som går same løypelengde som senior A)

NORGESMEISTERSKAP i SKIFELTSKYTING 2007

PÅMELDING FRÅ _____ HV-avd. / Skytterlag

v/ _____ Tlf.nr.: _____

SAMLAG:

NAMN	KLASSE		FØDT ÅR	AVGIFT	
	Laurdag	Søndag		Skifelt	Sprint

Påmelding: + Gåvepremie: SUM Innbetalt :

Sum for påmeldingsavgift og eventuelt gåvepremie overføres til **bankkonto nr. 3820.20.04285**

Påmeldingsadresse: NM Skifeltskyting 2007, Ospelida 6, 6763 HORNINDAL

Eller epost: hornindal@skytterlag.no

Påmeldingsskjema ligg også på heimesida www.dfs.no/Hornindal

Påmeldingsfrist: Påmeldinga må vere poststempla/sendt seinast 1. mars 2007

Spesielle transportbehov: